



ALL VERDAS

gåver og bruksting

Er du interessert i naturfiber?

Tekstilar i 100% nesle, handlaga i Nepal, kan kjøpast her:

www.allverdass.no



Allo, det lokale namnet, er ein stor nesleplante, *Girardinia diversifolia*, som veks aust i Nepal, 1200-3000 m.o.h. Planten kan bli over 3 meter høg, og trivst best i skuggen av lauvskog, i fuktige og nordvende område.

Haustinga skjer i månadsskiftet november/desember. Haustinga er heile grenda i lag om. Då reiser minst ein frå kvar husstand opp i jungelen der plantene veks og haustar allo i 4-5 dagar.

Stengelen vert hoggen av 15 cm over bakken og lauva på stengelen vert flekte av. Ein må ha ei tøyfille i handa for ikkje å bli brend. Kjem ein i kontakt med blada og trådane på stengelen, svir det på same måten som når ein kjem bort i våre vanlege brennnesleplantar. Det yste fiberlaget på stengelen vert flekt av. Fibrane frå fem planter vert vridde saman til ein bunt som vert kokt i ei blanding av vatn og oske i to-tre timar. En kan koka fibrane med det same eller hengja dei til tork, for så å bløyta dei opp og koka dei seinare.

Etter kokinga vert fibrane banka og vaska for å løysa dei frå kvarandre og for å fjerna planterester. Så vert fibrane lagde i ei leirsuppe før dei vert hengde til tork.



Leirebadet gjer at fibrane ikkje så lett klebar seg til kvarandre. Leira må så bankast og ristast ut att av fibrane før ein kan spinna. Spinning til tråd skjer ved hjelp av handtein.

T.v. Neslefiber klar til spinning. Bordbrikker og løparar blir vovne for hand på tradisjonelt vis, på ein slags grindvev som dei har rundt livet. Fleire produkt laga av nesle, t.d. handstrikka sjal, trøyer og caps finn du i nettbutikken og hjå All verdas på Nesflaten og på Sand i Suldal kommune.

For lag/organisasjonar: ALL VERDAS har vore med på heile prosessen frå å henta neslen i jungelen og fram til ferdig produkt. Me held biletforedrag om nesleproduksjonen og har med varer frå butikken for sal.

Viss du vil at me skal koma til ditt lag, ta kontakt med Wenche Haugen Havrevoll, Gidl 3, 4244 Nesflaten, tlf 400 92 745 eller e-post allverdass@gmail.com

Me ynskjer å få dekkja reise, men elles er føredraget billig. Me ynskjer fyrst og fremst å støtta kvinnene gjennom å selja nesleprodukta deira og gjerne andre handlaga ting frå Nepal.